

TEMA: Frå urskog til lynghei ①17

KART: ④433

Otterstad

OTTERSTADGARDANE ligg i den inste enden av Mofjorden, på nordvestsida av elva. Rekkja med stavbygde naust som bøyrer til garden, skal vera bygd litt etter midten av 1800-talet. Både her og på Mo-sida var nausta også viktige lagringsrom ved fjorden; ved og andre bondevarer som skulle til byen; korn og byvarer i retur.

GRANA I HORDALAND

Ordet «gran» finst i stadnamn fleire stader; mest kjend er Granvin. Namnet er gammalt, kan henda frå vikingtida.

Før granplantinga tok til kring hundre-årsskiftet fanst det forekomstar av gran i Modalen og i dei store granområda i Vöss og Granvin kommune, dessutan på nokre mindre, isolerte plassar langs Sørfjorden.

Medan grana på Austlandet kom til Noreg frå aust alt for 2000 år sidan, trong ho meir enn 1000 år på å nå dei øvste områda i dalane aust for Langfjella og Hardangervidda. Ei datering viser at grana fanst på Istad på Voss i mellomalderen, før 1400 e.Kr. Nær OTTERSTADSTØLEN står det graner med svære dimensjonar. Ei måling viser at nokre av trea er litt meir enn 100 år gamle. Det er ein høg alder, men rekord er det ikkje; vi kjenner grantre som er over 120 år. Desse eldste trea på Otterstadstølen står meir eller mindre samla; dei yngre står eit stykke unna.

Eit interessant fenomen er at dei gamle granplantingane i Hordaland og på Vestlandet ofte finst nær ferdslveggar, busetnad eller stolar. Det er såleis mykje som talar for at det er menneska som har vore med på spreitinga; konglar og frø har følgd med «på lassett».

«M/S Bruvik» går sin siste tur gjennom Mostraumen i 1976.



Mo med Otterstadgarden i bakgrunnen tidleg på 1900-talet. På Mo ligg det lagra singel og sand.



Like før jul 1743 hende det noko som fekk stor innverknad på Otterstad og Mogarden. Dette året kom det ein svær elveflaum som reiv bort eit smalt eide av grus ute ved Mostraumen. Sjøen rann inn i det som tidlegare var Movatnet, slik at dette vart til Mofjorden. Strandlinja i det tidlegare Movatnet vart liggjande lågare enn før, og Mogarden fekk nye bøar ut mot fjorden; «Nerebøen». □

MO – EIN GAMMAL KYRKJESTAD

Gardane i Modalen ligg på gamle, grøderike sjø- og elvebotnar – mellom Mofjorden og Steinslandvatnet. Heilt frå mellomalderen har Mo vore kyrkjestad for dalen og gardane ovanfor. MO I TYSNIN (Mofjorden) var eige kyrkjesokn før 1350. Ein gammal ferdslveg frå Vöss går framom garden FARESTVEIT, og Mo låg strategisk til mellom innlandsbygdene og sjøvegen. Etter svartedauden vart Modalen lagd til Hamre prestegjeld. Under nedgangstidene i seinmellomalderen vart mange kyrkjer stengde og fleire sokn slegne saman til eitt prestegjeld, med ein og to prestar i eit stort område der det tidlegare gjerne hadde vore både seks og åtte.

Før prestegjeldet vart delt, hadde modølene lang veg til kyrkje for å få borna døypte; først eit par mil ned dalen og til sjøs, så fire mil i open båt til Hamre. Kjeldene fortel om

eit tvillingpar som vart fødd første laurdag i februar i 1711. Dagen etter tok foreldra borna med seg til Romarheim, fekk seg båt og rorskarar, rodde til Litle-Urdal etter fadrar og så til Hamrekyrkja, midt på hardaste vinteren, for å døypa borna.

Folk kom ovanfrå både Modalen og Eksingedalen når dei skulle til kyrkje eller til byen. Før det kom veg til Eidslandet, hadde eksingedølene ei strevsam ferd over fjellet, frå Flatekval til Farestveit eller frå Høvik til Krossdal, for å koma på byveg. Sal av ved til Bergen var ei viktig inntektskjelde. Dalingane førte bjørketømmeret ned elva og landa det på Mo. Der vart det saga og kløyvt. Kvar gard hadde sine faste plassar til dette, og leiga til grunneigarane vart betalt med ved. Fleire av dalingane hadde små tømmerbuer med torvtak nede ved fjorden.

Her lagra dei korn og byvarer, og her skifte dei klede når dei skulle til kyrkje. Buene er i dag borte, men den gamle landhandelen står att og kan kanskje få ein ny funksjon i vår tid. Mo og Modalen er ein fin innfallspurt til Stølsheimen og dei store fjellviddene mot Sogn.

